

**Interesselaget Vangssago vidarefører for 6. året på rad tradisjonen om kulturelt påfyll på den gamle oppgangssaga i Rosendal, og som alltid er det ein kjent skikkelse som står på programmet. Laurdag 25. juni klokka 19 får vi eit gjensyn med Jon Eikemo, ein av landets mest ruvande scenekunstnarar. Han har mange beundrarar også i Uskedalen.**

Tragedie eller komedie, barneteater eller modernistisk scenekunst, verdsklassikarar eller norsk folkekomedie – Jon Eikemo er ein av våre fremste scenekunstnarar, og han har klart å gjera teater til ei sak for folk flest. Han har vore tilsett ved seks av dei fremste teaterscenane i landet; frå 1978 til 2010 ved Det Norske Teatret. I tillegg til mange teaterrollar har han hatt eit utall sentrale rollar i film, fjernsyn og på revyscenar. Orda har ein sentral plass i Jon Eikemo si formidling, og han er kanskje den største brubyggjarane mellom institusjonsteater og den frittstående scenekunsten vi nokon gong har hatt.

Vi er svært glade for å få Jon Eikemo tilbake til Rosendal. Han opptådte for fullt hus på Vangssago i 2007, og svært mange har bedt oss å setja opp ei nyframsyning med denne framifrå scene- og ordkunstnaren.

Framsyninga Jon Eikemo kjem med, "SKJEMT & ALVOR III", er ei ny festframsyning kor Eikemo har plukka fram sine aller beste monologar, revynummer og song tekstar. Vi skal ikkje berre vitja Jakob Sandes verden, vi er der. Det er ikkje kun "Vesle Daniel" som skal ut i verda, også publikum mønstrar på San Salvador frå Haugesund. "Kallen og Katten" trer også fram for våre auge, når han Simon i støa fristar med å senda katten i døden. Eikemo sitt repertoar av rollefigurar spenner frå det djupt dramatiske ,til det glade, frodige og komiske. I en god time underheld verbalkunstnaren med eigne tolkingar av Hans E Kincks, Jakob Sande, Ivar Aasen, Per Sivle og Bellmann. Med seg på scena har Eikemo musikaren Aage Vaksdal frå Voss.

- Det å opptre i kulturbygda Rosendal er alltid ei stor oppleving for meg, og på Vangssago føler eg meg heime. Eg er veldig imponert over dugnadsarbeidet som er lagt ned for å ta vare på denne flotte oppgangssaga, og responsen eg fekk av publikum sist eg opptådte her i 2007 var overveldande. Eg gler meg difor ekstra til å entra scena, seier Eikemo til oss.

Av Knut Førland